ALVER
KOMMUNE

Mestergruppen Arkitekter AS
Postboks 1043
8001 BODØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3708 - 22/15608

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
23.02.2022

# Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 89/21 Haugsmyr

| | |
|---|---|
| **Tiltak:** | Fritidsbustad |
| **Byggjestad:** | Gbnr: 89/21 |
| **Tiltakshavar:** | Torunn Keilegavlen Friis |
| **Ansvarleg søkjar:** | Mestergruppen Arkitekter AS |

Kommunen viser til søknad om endring av godkjend tiltak mottatt 17.02.2022 og telefonsamtalar om saka. Endringa gjeld plassering av fritidsbustad på grunn av feil i kartgrunnlaget.

Revidert situasjonsplan



Kart som viser endra plassering av bygg

Jeg er enig i at felles grense går i henhold til revidert situasjons-plan og kart som viser endra plassering av bygg. Med utgangspunkt i grense-merke i berg og stein.
Ulset 24/2 2022
Bjarne Troland

Kor nøyaktig ein eigedomen er registrert i matrikkelen kjem an på kor nøyaktig grensene er. Eigedomen gbnr 89/21 er ein eldre eigedom som er oppretta i 1970 ved skyldskifte. Eigedomen er ikkje oppmålt og grensene som ligg i kartet er å vurdera som usikre. I dette tilfellet har ein også oppdaga at den registrerte eigedomen i matrikkelen ikkje stemmer med grensemerker som er funne i marka.

Før kommunen kan godkjenna ny plassering av fritidsbustaden må grensene som utgangspunkt klarleggjast. Grensefastsetjinga vil skje på grunnlag av skylddelingsdokumentet og merker i marka. Det vil verta kalla inn til oppmålingsforretning og grensene vert klarlagt.
Meir informasjon om klarlegging av grense, saksgang og kostnadar finn ein på kommunen sine heimesider.



Underteikna er enig med grunneigar på 89/6.
Moster 24/2-2022 Torunn Keilegavlen Friis